HERØY kommune

Leikanger barnehage

Årsplan 2026 - 2027



Innhald

KJÆRE FORELDRE OG TILSETTE I LEIKANGER BARNEHAGE ! 3

Trygge barn og sterke fellesskap *3*

Forankra i rammeplanen *3*

Innleiing 4

Årsplan *4*

Månadsplan og informasjon *4*

Dagen i dag *4*

Rammeplan for barnehagane i Norge *4*

Lokal rammeplan for Herøy 2025-2029 ..... *5*

Kontaktinformasjon: *5*

Om barnehagen *5*

Tilknytingstida 6

Overgangar i barnehagen 6

Tilsette ved Leikanger barnehage : 6

Innhaldsplan for barnehageåret 2026-2027 7

Viktige datoar og aktivitetar dette halvåret *7*

Årshjulet *8*

Dagsrytme : 9

Måltid: 9

Samlingsstund 9

Samarbeid med andre tenester 10

Overgang frå barnehage til skule 10

Pedagogisk plattform for barnehagen vår: 11

Livet & Sånn 12

«Vere saman» 13

Sosial kompetanse i Leikanger barnehage 13

Måltidsplan: 14

Berekraftig utvikling i barnehagen 15

KJÆRE FORELDRE OG TILSETTE I LEIKANGER BARNEHAGE !

Velkomne til eit nytt og innhaldsrikt år i barnehagen vår. Leikanger barnehage er ikkje stor, men den er viktig for Herøy kommune og for dykk som brukarar. Vi er stolte over å ha ein barnehage med eit sterkt og godt pedagogisk innhald.

Trygge barn og sterke fellesskap

Vi som arbeider her, er opptekne av å møte barnet akkurat der det er. Vårt mål er å støtte, hjelpe og byggje trygge og robuste barn som er rusta til å møte både medgang og motgang i livet. Å høyre til og verte inkludert er avgjerande for sjølvkjensla til alle. Like eins er det viktig at barna er trygge i seg sjølve og på kven dei er. Då er det vi – dei vaksne i laget rundt barnet – som har ansvaret for å sikre at alle opplever trivsel og livsmeistring. Dette er det viktigaste førebyggjande arbeidet vi gjer mot krenking og mobbing.

Forankra i rammeplanen

«Rammeplan for barnehagen» legg tydelege føringar for kva verdigrunnlag vi skal byggje på. Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Vi skal skape eit miljø som er prega av trivsel, venskap, leik og eit inkluderande fellesskap. Hjå oss skal barna få delta og medverke i sitt eige barnehageinnhald, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Barnehagen er den første delen av utdanningsløpet og ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet. Slik legg vi grunnlaget for eit godt liv. Vi som er vaksne rundt barna, har ansvar for å sjå den enkelte og byggje gode relasjonar. Vi skal vise respekt for kvarandre og vere gode rollemodellar som inkluderer alle i leik, samspel og aktivitetar.

«Du ser meg og smiler, det kjennes så bra.
Eg smiler tilbake, fordi eg er glad.
Det beste i verda det er rett og slett
Å sjå på ein annan og sjølv vere sett » *(Frå Vere saman)*

Vårt mål er å ha eit godt samarbeid med heim og at de som foreldre skal føle dykk velkomne, ivaretekne og respektert.

Vi ser fram til eit godt samarbeid med dykk gjennom dette barnehageåret! Vi ynskjer alle eit godt barnehageår. Mvh Oddhild, Helene, Helena, Chidchanok og Tina.



Innleiing

Alle barnehagar skal ha ein årsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen. Jmfr. §2 i barnehagelova. Årsplanen skal byggje på Lov om barnehagar med føreskrifter ,Rammeplan for barnehagen og Lokal rammeplan for Herøy kommune. Samarbeidsutvalet i barnehagen fastset årsplanen, og foreldra vert tekne med på råd gjennom evaluering, foreldrerådstyre, foreldremøte og foreldresamtalar.

Ein årsplan har fleire funksjonar:

- arbeidsreiskap og grunnlagsdokument for personalet.
- skal medverke til å styre innhaldet i barnehagen
- eit utgangspunkt for samarbeid med foreldra
- eit informasjonsdokument ut til eigar, politikarar, samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Årsplan

Konkretisering av barnehagen sitt innhald. Den generelle delen av årsplan er ein eigen 4 års plan som er utarbeidd i samarbeid med dei tre andre kommunale barnehagane i Herøy. Den må sjåast i samanheng med denne planen. Begge planane ligg på www.heroy.kommune.no under Leikanger barnehage.

Månadsplan og informasjon

Informasjon om kva vi har fokus på denne månaden, turar, bursdagar, ulike aktivitetar m.m. Det er også oppsummering av månaden som var. Denne vert sendt på Vigilo til alle føresette og det heng oppe nokre eksemplar i garderoba for den som ynskjer den i papirformat.

Dagen i dag

Litt om kva dagen har innehaldt for dei ulike gruppene. Dette vert sendt ut på nyheiter i Vigilo og der kan de lese litt om kva vi har gjort på gjennom dagen, vi legg ved bilete og evnt. lenker om det er noko vi ynskjer de skal sjå. Vigilo er eit godt verktøy vi ynskjer de skal bruke til å halde dykk informert, men og nytte ved ulike beskjedar til barnehagen ang. dykkar barn. Bildeskjerm med dokumentasjon frå ulike aktivitetar, frie og tilrettelagd. Denne skjermen heng i garderoba og de vil kunne sjå litt frå dagane våre i barnehagen.
Heimesida til barnehagen https://www.heroy.kommune.no/leikanger-barnehage

Rammeplan for barnehagane i Norge

I 2017 kom det ny rammeplan og denne fastset utfyllande bestemmelsar om barnehagen sitt innhald og oppgåver og er barnehagen og personalet sitt arbeidsdokument som skal vise at i planar og dokumentering.

Lokal rammeplan for Herøy 2025-2029

Planen set fokus på mål og innhald for alle barnehagar i Herøy. Den er eit utgangspunkt for oss i utarbeiding av planar og sikrar variasjon og progresjon i innhaldet i barnehagen. Det vi skal ha særleg fokus på framover er kompetanseheving i språk med veklegging på språk i kvardagen og «alternativ supplerande kommunikasjon» (ASK). Lokal rammeplan viser til at Herøybarnehagane skal stå for kvalitet og den er styrande for utviklingsarbeid og kompetanseheving. Satsingsområde for dei neste 4 åra er:

1. Leik og læring
2. Relasjonskompetanse
3. Livsmeistring og helse
4. Språk og kommunikasjon

Kontaktinformasjon:

Styrar/Dagleg leiar : Oddhild Dybvik Aas
Mobil: 99515225
Besøks og postadresse : Kleppeåsen 44, 6080 Gurskøy
E-post : leikanger.barnehage@heroy.kommune.no eller
oddhild.dybvik.aas@heroy.kommune.no
Telefon: 99515225 eller 46916598

Om barnehagen

Leikanger barnehage er ein kommunal barnehage og ligg på Leikong i same byggmasse som grendahuset, og tidlegare Leikanger skule. Barnehagen starta opp som kortidsbarnehage rundt 1980 og har etter kvart vakse seg større. I dag er det ein einavdelings barnehage med utvida barnegruppe og arealmessig 32 plassar.

For barnehageåret 2026-27 er vi ved oppstart 10 barn og så vil det kome fleire nye barn til oss på starten av 2027. For dette barnehageåret vil vi stortsett ha ei samla barnegruppe gjennom store delar av dagen, men delar dei ved ulike aktivitetar slik at det vert betre tilrettelagd utifrå alder og utvikling. Ved starten av 2027 vil det verte noko endringar mtp meir aldersdelte grupper for at det vert best mogelig tilrettelagd for den enkelte. Informasjon til heimar vil kome då.

Vi har eit personale der nokre har mange års erfaring, men og dei som er unge, held på med utdanning eller anna kompetanseutvikling. Alle er like viktige i det å gjere barnehagekvardagen god med innspel, idear og rom for endringar. Saman har vi eit ansvar med å gi barna gode og innhaldsrike dagar. Vi har og elevar frå grunnskule og vidaregåande skule som kan få praksis her, og Furene og NAV tek også kontakt om dei har nokon som treng å prøve seg i arbeidslivet og vårt yrke.

Tilknytingstida

Barn er ulike og det skal tilpassast slik at oppstarten og tilvenninga for barnet varer så lenge det er behov for. Barn, føresette og tilsette skal verte kjende og trygge på kvarandre. Barnet skal gle seg til å kome i barnehagen, og dei føresette skal vite at vi ser og høyrer ditt barn slik at det får ein god barnehagedag.

Overgangar i barnehagen

Barnehagen har 2 avdelingar når ein ser at barnegruppa fungerar best slik mtp aldersspennet på barna. Det er Bukkane Bruse for dei yngste og Rødhette for dei som er eldre.

Når vi har ei barnegruppe som legg føring for at vi er 2 avdelingar legg vi til rette for naturleg overgang ved å vere meir saman i f.eks leikegruppe der vi «besøker» kvarandre. Vi kan gå litt mellom avdelingane slik at ein vert kjent med rom og leikemiljø, vere gjest ved f.eks måltid, samling og anna slik at det vert ein mjuk og trygg overgang. Barnet byter som oftast avdeling ved nytt barnehageår, men nokre gongar kan det vere overgong på vårparten.

Tilsette ved Leikanger barnehage :

- Oddhild Dybvik Aas, styrar og pedagogisk leiar
- Helene Leikanger Steffensen, pedagogisk leiar
- Helena Lied Knutsen, pedagogisk leiar
- Chidchanok Meesin, assistent
- Tina Solheim Johannessen, assistent

Gode vikarar er :

- Laila Vattøy

Innhaldsplan for barnehageåret 2026-2027

I barnehagen har vi felles månadsplan for heile barnegruppa, men innhaldet vert tilpassa barna utifrå alder og utvikling. Arbeidsmetodar, progresjon og evaluering vert det reflektert over på møte med pedagogane og på personalmøte.

Viktige datoar og aktivitetar dette halvåret


Hausten 2026

- **Brannveke veke 38-39**
- **Tysdag 15. September: Foreldremøte klokka 18.30.**
- **Fredag 16. Oktober: planleggingsdag (felles for alle barnehagane). Barnehagen er stengd.**
- **Onsdag 23. Desember: planleggingsdag, barnehagen er stengd.**

Våren 2027

- **Fredag 1. Januar: 1. nyttårsdag. Barnehagen er stengd.**
- **Fredag 12. Mars: planleggingsdag. Barnehagen er stengd.**
- **Torsdag 25. og fredag 26. Mars: Skjærtorsdag og langfredag. Barnehagen er stengd.**
- **Mandag 29. Mars: 2. påskedag. Barnehagen er stengd.**
- **Torsdag 06. Mai: Kristi himmelfartsdag. Barnehagen er stengd.**
- **Fredag 07. Mai: planleggingdag. Barnehagen er stengd.**
- **Mandag 17. Mai: Noregs grunnlovsdag. Barnehagen er stengd.**

Årshjulet


ÅRSHJUL
– året rundt i Leikanger barnehage
AUGUST
Trygg tilvenning, relasjonsbygging.
SEPTEMBER
Brannveke i veke 38-39, tema haust.
OKTOBER
Tema haust og Forut.
FORUT
NOVEMBER
Farsdag, haust og advent.
PAPPA
DESEMBER
Vinter, advent og jul.
JANUAR
Nytt år, trygg tilvenning og relasjonsbygging.
FEBRUAR
Vinter, morsdag og samenes nasjonaldag 6. februar.
MAMMA
MARS
Påske og vår.
APRIL
Vår, naturen om våren, russedåp og rosaruss-førebuing.
MAI
Vår, 17.mai, rosaruss-tid.
JUNI OG JULI
Tema sommar og Henry førstehjelp.

Dagsrytme :

- 6.45. Barnehagen opnar. NB – Hugs handvask både inn og ut av barnehagen.
- **7.45-8.30.** Frukost for dei som ynskjer det. Barnehagen lagar til brødskive/knekkebrød med drikke til.
- **9.00 :** Felles morgonsamling med song, trekking av dagens hjelpar, gjennomgang av dagen
- **9.15**: Vi deler oss i grupper for leik, aktivitetar, tur (sjå aktivitetsplan. Dersom de ynskjer at borna skal vere med på dei ulike aktivitetane, er det viktig at dei kjem seinast kl. 09.30.)
- **11.00:** Lunsj. Handvask før måltid. Er vi på tur, et vi vanlegvis ute. Stell og kviletid for dei små som treng det, startar ca.kl.11.30
- **11.30 – 11.45 :** Toalett/handvask, påkledning, uteleik.
- **Ca.14.00:** Frukt - mellommåltid. Handvask før måltid. Det varierar om vi et ute eller inne. Er veret fint, er vi ute mesteparten av dagen. Om ikkje, går vi inn for å ete og er då inne resten av dagen.
- **17.00:** Barnehagen stenger.

Vi må tilpasse dagsrytma etter borna og då særleg etter dei yngste. Vert dei trøytte eller svoltne ”før tida”, får dei sjølvsagt både mat og søvn slik det passar dei.

Måltid:

- **Frukost:** Barna kan få servert frukost fram til kl 08.30.
- **Lunsj:** Vi lagar til lunsj. Borna får eit sunt og godt måltid med grove skiver, knekkebrød. Ulike pålegg etter matplan, sjå Vigilo og heimesida til barnehagen for meir informasjon.
- **Ettermiddagsmat:** ca. kl.14.00. Det varierer mellom skiver, knekkebrød/kavring, biola m/havregryn/fruktbitar, frukt og grønsaker, havrelappar.
- **Drikke** til frukost og lunsj er lettmjølk m/D-vitamin 0,5% fett, evnt drikke tilpassa barnets behov, og vatn. Alle borna har si eiga vannflaske som dei drikk av ved behov gjennom dagen. Desse vert vaska kvar dag.
- **Bursdagsmat** får borna velje sjølv ut frå bursdagsmenyen til barnehagen.
- **Baking/varme rettar** har vi ein gong i veka. Det vil kome fram på månadsplanen kva som vert servert. Varme rettar er 2-3 gongar i månaden, og så bakar vi grove rundstykker elles. Vi serverar fast havregrynsgraut ein dag i veka til lunsj.

Samlingsstund

I barnehagen har vi samlingsstund kvar dag. Denne kan vere litt tidleg på morgonen, rundt kl. 09.00, eller før lunsj, rundt kl. 10.30. Tidspunktet varierer ut frå om vi skal på tur, har fri leik eller andre aktivitetar.

Samlingsstunda er eit fint og viktig haldepunkt i løpet av dagen, og ein god arena for både læring, fellesskap og samhold. Vi har dagtavle og dagens hjelpar, og vi les gjerne månadens dikt eller song og øvar på månadens handteikn. Vi les bøker og syng songar, men innhaldet blir tilpassa temaet vi arbeider med og det som passar for den aktuelle dagen.

Samlingsstunda står ikkje nødvendigvis oppført på månadsplanen kvar dag, sjølv om dette er ein fast del av barnehagedagen. På månadsplanen skriv vi eventuelt inn når vi skal ha ei spesiell samlingsstund, til dømes knytt til eit tema.



Når vi feirar bursdag, har vi ei litt ekstraordinær samlingsstund med eit anna innhald, tilpassa bursdagsbarnet. Dette gjer dagen litt ekstra spesiell og gir rom for å løfte fram barnet og fellesskapet rundt det.

Samarbeid med andre tenester

Leikanger barnehage samarbeider med PPT og eit tverrfagleg team for å sikre eit godt og heilskapleg tilbod til barna.

PPT har faste treffpunkt i barnehagen og kan gi råd og rettleiing ved behov. Det kan til dømes vere når eit barn treng ekstra støtte for å få best mogleg utbytte av barnehagetilbodet, eller når personalet ønskjer fagleg drøfting
.
Tverrfagleg team består av helsesjukepleiar, PPT-rådgjevar, barnevernspedagog, pedagogiske leiarar og styrar. Teamet møtest fire gonger i året og drøftar aktuelle satsingsområde og utfordringar. Barnehagen samarbeider også med Myrsnipa barnehage, og ved behov kan det gjennomførast møte saman med føresette, barnehage og aktuelle fagpersonar. Barnehagelova § 31 handlar om retten til spesialpedagogisk hjelp, og seier at **"Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det."**

Overgang frå barnehage til skule

"Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga." *(Rammeplan for barnehagen, 2017).*

Leikanger barnehage følgjer den kommunale planen for overgang frå barnehage til skule for barn som skal begynne på kommunal skule. For barn som skal begynne på privatskule, følgjer vi skulen sine rutinar. Målet er at alle barn skal få ein trygg og god overgang, uavhengig av kva skule dei vel.

Barnehagen skal bidra til at barna får avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med tryggleik, nysgjerrigheit og tru på eigne evner. Barn som treng ekstra støtte i overgangen, skal få dette i samarbeid med føresette og skulen. Pedagogisk leiar informerer

heimane om mål og innhald i førskuletida, og dette blir også følgt opp gjennom samtalar det siste året i barnehagen.

Pedagogisk plattform for barnehagen vår:



Mål	Teikn på god praksis	Tiltak
Alle barn skal oppleve at dei er verdifulle og ein viktig del av fellesskapet.	Barna opplever tilhøyrsle, tryggleik og vennskap. Ingen barn blir ståande utanfor fellesskapet.	Personalet er nær, tilgjengeleg og observant. Vi arbeider aktivt for å inkludere alle barn i leik og fellesskap. Vi nyttar Plan for godt barnehagemiljø og involverer styrar tidleg dersom noko ikkje er greitt.
Barna skal utvikle sosial kompetanse.	Barna øver på å dele, vente på tur, samarbeide, lytte, hjelpe kvarandre og løyse konfliktar. Dei får støtte til å forstå eigne og andre sine kjensler og perspektiv.	Personalet er gode rollemodellar og set ord på kjensler, handlingar og sosiale situasjonar. Vi støttar barna i å forstå andre sitt perspektiv og reflektere over eigne handlingar. Vi arbeider med sosial kompetanse i leik, rutinesituasjonar og tilrettelagde aktivitetar.
Barna skal utvikle sjølvregulering og oppleve meistring.	Barna får støtte til å handtere kjensler, vente, ta gode val og finne løysingar i kvardagen.	Personalet hjelper barna med å setje ord på kjensler og behov, og støttar dei i å regulere seg sjølve. Vi legg til rette for medverknad, val og oppgåver barna kan meistre.
Barna skal oppleve respekt for eigen kropp og eigne grenser.	Barna kan uttrykkje ja og nei, og opplever at grensene deira blir respekterte. Dei utviklar eit positivt sjølvbilete.	Vi snakkar om kropp, kjensler, grenser og respekt på ein naturleg måte. Personalet er gode rollemodellar og respekterer barna sine uttrykk og grenser.
Leiken skal ha ein sentral plass og fremje vennskap, fellesskap og språk.	Personalet er til stades i leiken, observerer, støttar og deltek når barna inviterer. Barna får tid og rom til å utvikle leik saman.	Vi vernar om den frie leiken og legg til rette for inkluderande leikemiljø. Personalet støttar barn som strevar med å kome inn i leik, og hjelper barna med språk og samspel.

Alle barn skal få støtte til å kommunisere og uttrykkje seg.	Barna kan støtte seg på symbol, spesielt i den pre-verbale fasa. ASK er ein naturleg del av kvardagen, ikkje berre eit tiltak for enkelte barn.	Vi nyttar **ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon)** som støtte i leik, måltid, samlingsstund, garderobe og andre rutinesituasjonar. Vi bruker tematavler, handingsrekkjer, bildesymbol, dagsplanar og tidslinjer. Personalet nyttar då symbol saman med talespråk "peikeprating".
Dei yngste barna skal få støtte til tidleg kommunikasjon	Barna møter vaksne som brukar enkle handteikn og symbol saman med talespråk.	Personalet lærer og brukar enkle handteikn i det daglege, til dømes **meir, ferdig, stopp, mat, drikke, mamma/pappa, ja og nei**. Vi bruker teikn og symbol aktivt i møte med dei yngste barna.
Barn som strevar med språk og samspel skal bli fanga opp tidleg.	Personalet observerer barna sitt språk, samspel og kommunikasjon og set inn tiltak tidleg.	Aktiv bruk av språk i leik, aktivitetar og rutinesituasjonar. Vi nyttar **TRAS og Alle Med** ved behov, og samarbeider med føresette og aktuelle samarbeidspartar.
Barna skal ha ein aktiv og helsefremjande kvardag.	Barna får variert fysisk aktivitet, frisk luft og allsidige rørsleerfaringar.	Vi legg til rette for variert fysisk aktivitet både inne og ute. Vi går på tur i nærmiljøet i variert terreng. Barna får utforske naturen og bruke kroppen på ulike måtar.
Barna skal utvikle gode matvanar og kunnskap om mat og helse.	Barna får eit sunt og variert kosttilbod og får medverke i måltid og matlaging.	Vi følgjer **Matjungelen** og nyttar matplan med variasjon og næringsrike måltid. Barna deltek i førebuing av mat og får utforske ulike råvarer og smakar. Vi lyttar til innspel frå barn og føresette.

Barnehagelova § 41 slår fast at barnehagen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Dei tilsette har plikt til å gripe inn, og barnehagen skal arbeide kontinuerleg og førebyggande for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø. Dersom eit barn ikkje har det trygt og godt, har barnehagen ei **aktivitetsplikt etter § 42**, som inneber at barnehagen skal undersøkje saka og setje inn eigna tiltak for at barnet skal få eit trygt og godt barnehagemiljø.



Livet & Sånn

Livet & Sånn er utvikla i Ålesund kommune og er ein del av Helsedirektoratet sitt folkehelseprogram. I Herøy arbeider vi med Livet & Sånn i tråd med den kommunale rammeplanen for 2024–28.

Vi har fokus på kjensler, korleis vi kan handtere dei, og korleis vi kan hjelpe oss sjølve og andre. Dette blir knytt til både frie og tilrettelagde aktivitetar. Heimane kan også nytte nettsida for råd og støtte.

«Vere saman»

«Vere saman» er godt forankra i personalet og kvardagen vår. Arbeidet byggjer mellom anna på Diana Baumrind sin teori om vaksenstilar, med vekt på den autoritative vaksenstilen, der varme og tydelege grenser går hand i hand.

Vi ønskjer å vere trygge og føreseielege vaksne som ser, lyttar til og tek barna på alvor. Vi prøver å sjå **bak åtferda** og finne ut kva barnet treng, og møter barna med omsorg, respekt og tydelege forventingar.

Eit viktig omgrep er «banking time» – å investere tid i gode relasjonar gjennom leik, samtalar, humor, nærleik og positive opplevingar. Gode relasjonar skaper tryggleik og tillit.
Vi arbeider førebyggjande gjennom tidleg innsats, gode relasjonar og tilrettelegging, og har særleg fokus på å førebyggje utanforskap og mobbing. Ved behov samarbeider vi tverrfagleg for å gi barnet og familien god støtte.

«Vere saman» er ein del av kompetanseløftet i Herøybarnehagane og er forankra i barnehagelova og rammeplanen. Personalet arbeider kontinuerleg med refleksjon og rettleiing for å utvikle eigen praksis og barnehagemiljøet.
Slik ønskjer vi å skape ein barnehage der barna møter **varme, trygge og tydelege vaksne, kvar einaste dag ♥**

Sosial kompetanse i Leikanger barnehage

Vi arbeider for at barna skal få øve seg på sosial kompetanse kvar dag gjennom blant anna:

Samarbeid

- Vente på tur, dele og følgje reglar og beskjedar.
- Vise omsorg, inkludere og hjelpe andre.
- Lytte til og respektere andre.

Leik, glede og humor

- Delta i leik, bruke fantasi og glede seg saman med andre.
- Vise tillit og skilje mellom leik og andre aktivitetar.

Empati og rolletaking

- Vise omtanke og forståing for andre.
- Sjå ei sak frå andre sitt perspektiv.
- Rose og støtte andre.

Sjølvhevding

- Ta kontakt og initiativ på ein god måte.
- Gi uttrykk for eigne meiningar, ønskjer og behov.

- Be om hjelp når ein treng det.

Sjølvkontroll

- Vente på tur og utsetje eigne behov.
- Tåle å tape og kunne innrømme feil.
- Handtere sinne og sterke kjensler på gode måtar.

Løvelova

Kan du løvelova ?
Eg skal vere meg,
men gi plass til andre,
slik at dei blir seg,
bry meg om ein annan,
hjelpe når eg kan.
slik blir livet betre
for barn i alle land.

Ser du ein blir plaga?
Det er ikkje bra!
Alle må stå saman
om å sei i fra!
Alle barn på jorda
har den same rett,
til å vere trygge
og til å vere sett



Måltidsplan:

I barnehagen har vi to matplanar som varer i to veker kvar, før vi byter plan. På begge planane er det faste pålegg som kvitost, brunost, leverpostei, kaviar, agurk og paprika. I tillegg varierer vi med ulike pålegg og matvarer, som makrell i tomat, fiskepudding, crabsticks, mager salami og egg i ulike variantar. Vi tilbyr også forskjellig frukt.

Ved å variere maten får barna høve til å smake på ulike matvarer og oppleve nye smakar. Dette er med på å skape matglede og gi barna gode og varierte smaksopplevingar. Matplanen vil vere tilgjengeleg på barnehagen si heimeside.








Berekraftig utvikling i barnehagen

Berekraftig utvikling handlar om å dekkje behova våre i dag utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter. Barnehagen skal bidra til at barna lærer å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen, og forstå at handlingane våre i dag kan få konsekvensar for framtida *(Utdanningsdirektoratet, 2017).*

I barnehagen legg vi vekt på sunt og variert kosthald og følgjer dei nasjonale retningslinjene for mat og måltid. Barna får vere med på å dyrke grønsaker i barnehagen, og prøvar å redusere matsvinn ved å nytte matrestar til hønene. Vi kjeldesorterer matavfall, papir, plast og restavfall. På turar i nærområdet plukkar vi søppel og snakkar med barna om korleis vi kan ta vare på naturen. På denne måten får barna erfaring med kvar maten kjem frå og korleis matvalga våre kan påverke miljøet.

Vi er ein Matjungel-barnehage. Gjennom Matjungelen får barna kunnskap og engasjement om mat som er bra for kroppen og kloden. Vi legg til rette for at barna får utforske mat gjennom erfaring, leik, praktiske aktivitetar og samtalar. Barna får mellom anna vere med på å smake på ulike matvarer og lære om kvar maten kjem frå og korleis matvala våre kan påverke miljøet. Vi ønskjer også at barna skal få positive erfaringar med mat og måltid, og oppleve at dei sjølve kan bidra til gode og berekraftige val i kvardagen.

Kvar haust har vi fokus på barn i andre land, likskapar og ulikskapar og korleis vi kan hjelpe andre. Temaet blir avslutta med ein kafédag, der inntektene går til ein organisasjon som støttar barn og familiar. Slik får barna praktiske erfaringar med miljø, fellesskap, omsorg og ansvar for framtida.



Vi ynskjer alle brukerane av barnehagen eit godt barnehageår !

Mvh personalet i Leikanger barnehage

